

114401

Fjelstad av Bondepartiet), og dei vart da utnemnt i det siste statsrådet før vi reiste. Hambro og Sven Nielsen ville at vi skulle gje Mowinckel og Jakob Vik avskil; men eg sa det var uhørt i norsk historie å gje avskil til statsrådar utan dei hadde søkt,\* og så vart dei formelt ståande. På papiret kom det såleis til å bli ikkje mindre enn sekstan medlemmer i regjeringa, og det var nok òg uhørt i norsk historie. Men det var da ikkje noko brot på norsk statsskikk.

Eit anna, og i grunnen mykje både viktigare og vandre spørsmål var kven vi skulle ha med oss ut som kommanderande general. Før regjeringa var det sjølv sagt at det måtte vera general Ruge, og det gjorde vi vedtak om. Men han sjølv gjorde innkast mot det. Til slutt hadde vi han med i eit regjeringsmøte den 6. juni, og han la fram grunnane sine for at han helst burde bli verande i landet, stå for kapitulasjonen og bli krigsfange hos tyskane. Han var redd, sa han, at det skulle bli ein flekk på den militære æra hans om han no berga seg ut or striden her nord liksom han før hadde berga seg ut or striden sørpå og berre lati tyskane ta folka. Vi forsikra han om at ingen kunne koma til å tenke ilt om han av den grunn. Viktigare var det at han ville ta ansvaret med å råde regjeringa til å flytte ut or landet. Men det kunne han gjera om han så sjølv flutte med oss. Så lova han at han skulle bli ein brysam fange for tyskane, og han tenkte han på den måten kunne bli noko av eit samlingspunkt for nasjonal reising i landet. Men eg meinte at tyskane ville syrgje for at ingen fekk høre noko frå han meia han var fange. Og Hambro meinte

\* Det hadde hendt at ein statsråd hadde fått pålegg av Kongen om å søke avskil; men ein søknad låg i alle tilfelle føre når han fekk avskil.

Halvdan Røht: Fra skanse til skanse

jamvel at tyskane ville nytte han ut med å sende ut fråsegner i hans namn utan han visste om det. Regjeringa heldt samrosten fast på vedtaket sitt om å ta Ruge med. Likevel fekk han viljen sin i statsrådet neste dagen!

Den andre det var tale om til kommanderande general, det var general Fleischer, chefen for 6te divisjon, sigerherren frå Narvik. Han òg ynskte å bli verande i landet og stå for demobiliseringa. Men det leie var at han nett i desse dagane sendte regjeringa ei føreteljing om at ho ikkje burde flytte ut or landet, men sjølv kapitulere for tyskane. Og i denne føreteljinga hadde han nytta svært beiske ord om den britiske militærhjelpa. **Ruge sa jamvel at han var redd at om Fleischer vart verande att og vart gjort til krigsfange, så kunne han koma til å hjelpe tyskane med å tala vondt om engelsmennene.** Mot dette tok eg Fleischer i forsvar, og sa eg var viss på vi kunne rekne med full lojalitet hos han. Eg kjente ikkje Fleischer stort frå før; men etter bøn av Nygaardsvold hadde eg hatt ein lang samtale med han den 5. juni, og meldinga mi frå den samtalen var at Fleischer var ein mann som ikkje skjønte seg på politikk, men som ville vera ein god og lojal militær chef, ein bra kar heilt igjennom, — han ville utan meir snakk bøye seg for den avgjerda Kongen og regjeringa tok.

Eg kan her legge attåt at eg straks etter kom til å vera i lag med Fleischer dag ut og dag inn, i meir enn åtte dagar på ferda over til England, og eg kom retteleg til å bli glad i han. Eg fekk stadfesting på at det fyrste inntrykket mitt av han var rett både på den eine og den andre måten. Han var ein mann som gjorde si plikt til det ytarste, og han trega aldri på at han lydte den ordren han til slutt fekk av regjeringa om å bli med til